



Det vart mykje fin musikk frå jubilarane sjølv i løpet av kvelden.

Tekst: Yngve Nikolaisen

Helgheim var fylt «til rande» då Uskedal Musikklag laurdag feira sitt 50 årsjubileum – til langt på natt. Det tette programmet var prega av høgtid og skjemt, musikk og song, talar og helsingar – og sjekkane sat laust denne kvelden.

Helsingane var eit av hovudpoen-

tingfar med, og sliken til å kasta ut til stades i fullt monn, noko lagar demonstrerte då det deltok i brass-NM i Bergen nyleg.

Eit av dei store høgdepunkta kom då veteranane Bård Ljosnes, Gunnvald Friheim og Alfred Elk fekk Norges Musikkorps Forbunds Föreningsmedalje for 35 årstjeneste i laget. Det var formannen i Hoedaland Musikklag, Vigdis Olsen, som stod for utdelinga, og ho understreka den innmatsen kvar av dei tre har gjort for laget.

Heldar vart det også til formannen i laget, Harald Sollstveit, som

Det var Ingeborg Leiland som orma

festen med ein prolog.

Sigurd Sandvik heldt festeralen, og han takka for den løftestanga som musikklaget alltid har vore for kulturlivet i bygdene.

Han kom mellom anna inn på fritidsindustrien (se frammars) i etterkrigsår – med sine plater og kassetar – og dei serknadene det er har fått for folkesongen og folkemusikken.

— Det er ikkje rart det har gått ut

over folkesongen, noko vi har merka i skulen. Men folkesongen ligg på eit anna plan enn popmusikken. Den

høyrer berre til alveng, og den får

gar som kulturellarom det søtser rett og godt, sa Sandvik, som syntest det er positivt at songen er i ferd med å koma inn i skulen att.

Sandvik kom elles inn på visa om Per Spelemann, som bytte beot kva mot fela, og seinare miste fela i bekken.

— Vi får inderleg vona at Uskedalen aldri missar den fela som musikklaget er, sa Sandvik.

Kristian Bringedal fortalde glitrande frå musikklaget si historie, og syntest fram mykje rart av laget sine kjenodiar.

nebliste der publikum mellom anna fekk sjå uniformene som laget har hatt opp gjennom tidene – frå den spele start med skyggløse og lusekotter!

Elles vart det helsingar og gaver i lange banar, frå Hoedaland Musikklag, frå Sømberland krets av same lag, frå Kvinnerad kommune vordføraren, frå musikkvulen, frå musikkklaga i nabobygdene m.fl.

Middag høyrde sjølvaig med til programmet, og like eins kaffipause, før dei vart spela opp til dans.

— Og den som hatt det beste saman

med alle band var Bjørnolv Elk

Yngve dirigerer Uskedal musikklag på jubileumsfesten 1.mars 1986. Bildet er eit utsnitt av Kvinnheringen si dekking av festen.

Når skulekorpsa denne helga har storsamling i Uskedalen, er Yngve Nikolaisen musikalsk ansvarleg. Same Yngve var sesongen 1985/86, som nyutdanna dirigent og musikkpedagog, tilsett i Kvinnerad musikkskule. Som ein del av posten sin, var han dirigent for Uskedal musikklag. Dessverre for Kvinnerad, vart Yngve berre eit år her. Han flytta til Tysnes og vart rektor i musikkskulen der.

Sjølv om Yngve berre var eit år som dirigent i Uskedal musikklag, sette dette arbeidet tydeleg spor etter han, og vart starten på ein særdeles aktiv og god periode i musikklaget. Korpset hadde 50-årsjubileum i 1986. Dette vart markert på ulike vis gjennom året.

NM-deltaking i Grieghallen for første gang i lagets historie var eit av høgdepunkta. På den tida var det eitt pliktnummer som alle korpsa i divisjonen måtte spela. Gjennom omfattande førebuingar kjempa korpset med 3.divisjonsstykket «Partita» av Edward Gregson. Glade, fornøgde og inspirerte var musikarane etter å ha klart å gjennomføre verket frå scenen i Grieghallen. Lite betydde det at korpset hamna i feil ende av resultatlista. Det var sådd ei spire som utvikla seg godt i åra som fulgte!

I åra etter vart det mange konkurransespelingar, både i øst og vest. Plasseringane vart og svært så respektable! Dirigentane Kjartan Wang Olsen, far til skulemusikkdirigent Tor Skeie Olsen, og Per Olav Paulsen fulgte opp det profesjonelle arbeidet Yngve hadde starta, på ein framifrå måte. Høgdepunktet var vel då Rosendal og Uskedal sikra kvinnhershk dobbelsiger i



Yngve er tilbake som musikalsk ansvarleg på den store skulekorpssamlinga i helga.

Hordaamatøren 1987. Då vart korpsa møtt av mange glade tilhengarar og roser ved heimkomst, og jubelkonsert i Rosendal samfunnshus den påfølgjande torsdagen!

Dessverre for Kvinnherad, flytta altså Yngve til Tysnes. Tysnesingane har sett stor pris på at han har vore særstufast mot den nye heimstaden sin. Heile tida har han vore både hjerne og hjarte i dei gode og pulserande musikkaktivitetane der. Mange dyktige musikarar har vakse fram frå dette miljøet.

I tillegg har Yngve hatt engasjement i utruleg mange korps. Frå nivået her hjå oss til dei aller beste korpsa i landet. Han har vore mykje nytta både på dei populære sommarkursa og andre korpssamlingar. Den dyktige korpsmannen har halde eit imponerande høgt aktivitetsnivå; - til glede og nytte for mange. Han har ein eigen evne til å få det beste ut av musikarane, uansett alder og nivå.



Øyvind R. Nikolaisen dirigerte skulekorpsa i Uskedalen og Rosendal under NM både i 2005 og 2006.

Til samlinga i helga har Yngve med seg 6 særstufdyktige instruktørar. Ein av dei er sonen Øyvind Raknes Nikolaisen, som lærte å gå og syngje sine første tonar det året dei budde i Kvinnherad. Han har gått i faren(og bestefaren) sine fotspor. Har teke musikkutdanning m.a. ved Griegakademiet, er tilsett i Askøy kulturskule, spelar i elitekorps og er alt ein erfaren korpsdirigent på høgt nivå. Han dirigerte Uskedal skulemusikk, saman med Rosendal skulekorps, då dei deltok i NM i 2005 og 2006. Alt då imponerte den unge dirigenten.

Det vert eit kjekt gjensyn med begge to til helga!

Etter dobbelsigeren i Hordaamatøren:

Vonar på vidare framgang

AV JORHILD WANG OLSEN

— Vi vonar at dobbelsigeren i Hordaamatøren søndag vil føra til vidare framgang, ikkje berre for våre respektive korps, men og for korpsmusikken generelt i kommunen vår. Med resultatet i Bergen har vi vist at det også her hjå oss går an å satsa på kvalitet, berre det vort jobba skikkeleg, og det vonar vi kan gje vidare inspirasjon til både oss sjølve og til dei andre korpsa i kommunen.

Det som seier dette til Kvinnheringen er formennene i Rosendal Musikklag og Uskedal Musikklag, Karl O. Kristiansen og Tor Inge Døssland. Dei var begge eit syn då dei søndagsvetermiddagens skulde på scenen i Studentsoneret for å motta 1. og 2. premien. Glæda var enorm, og dei framførte sine «Krigsdansene» solø som eit stort publikum tydeleg sette pris på.

Inspirasjon

— Men no når de er komme ned att på jorda, har de tenkt på kva denne dobbelsigeren vil ha å bery for korpsa i framtida?

— Slik eg ser det har vi mykje sigrar i Hordaamatøren vist at vi kan læra oss og yta noko ekstra når det gjeld, seier Karl O. Kristiansen.

— Det er klart dette gjev medlemsne vår inspirasjon til å stå på, slik at vi kan utvikla oss enda meir. Spesielt gleddeleg var det at vi slo til nett i år, då vi har mange unge musikkarar frå skulekorpet med oss. Eg vil tru det har fått ein minus for livet, og ein kjempeinspirasjon til å satsa og utvikla seg vidare. Sist men ikkje minst vonar eg at resultatet kan føra til noka publikumsoppslutnad om konsertane våre, at vi også kan få tak i det som til vanleg ikkje går på korpskonsert. Nett det vil bety svært mykje for oss. I alle høve har både vi og Uskedalen vist at publikum får kvalitet når dei kjem og høyrer på oss, seier Kristiansen.

— For oss betyr nok den fine plasseringa at kvart enkelt medlem no er enda meir innstilt på å stå på og jobba. Vi har vist at vi kan få det til berre vi viser litt innsats, seier Tor Inge Døssland.

— Dette vonar vi skal gje utslag på rekrutteringa, at fleire får lyst til å vera med å spela, ikkje minst kanskje at tidlegare medlemmer i laget både frå Uskedalen og naboborgane får lyst til å koma tilbake. Vi vonar og at det arbeidet musikklagsmedlemmene har lagt ned i skulekorpet i bygda, på litt sikt vil gje oss fin rekruttering av yngre medlemmer.

— Og konkurransespelning har

vera til inspirasjon også til dei andre korpsa i kommunen, og ingenting ville glæda meg meir enn om nett det slår til. Sjølv om Kvinnherad ligg eit stykke frå Bergen og Nordhordland, der vi finn dei store innan-korpsmusikken i Hordaland, kan vi få det til her inne og. Det er berre eit spørsmål om satsing og rett satsing, seier Kristiansen.

— Eg meiner at Uskedal Musikklag kan stå som eit godt døme for dei andre korpsa våre på at det nyttar å satsa. I fjor stode vi i konkurranse for første gong. Den gongen hamna vi på sesterplass i 3. div. NM med 60 poeng. Etter det har vi arbeidd skikkeleg seriøst, og denne gongen vart det altså andreplass i Hordaamatøren med 90 poeng. Ei slik utvikling kan og andre korps få til, meiner Døssland.

— No har vel Rosendal Musikklag i mange år hatt «monopol» på det å representera kvaliteten i kvinnherisk korpsmusikk. Korleis ser du på at de no har fått beinhard konkurranse frå Uskedalen, Karl O. Kristiansen?

— Det ser eg på som kolossal positivt. Det er også andre korps satsar på kvalitet og at det vort ein viss konkurranse mellom korpsa gjev inspirasjon til enda meir satsing, høgare kvalitet, betre korpsmiljø i kommunen, og mein blest om det vi driv med. Men eg vil og leggja til at sjølv om vi og Uskedalen konkurrerer, så har vi fått eit veldig godt samarbeid mellom laga, eit samarbeid og vonar vi kan utvikla vidare.

— Eg og vil gjerne poengtera det fine samarbeidet vi etterkvart har opparbeidd mellom dei to korpsa våre, og eg deler Kristiansen sitt ønske om å bygga vidare på det i framtida, seier Døssland.

— Det kostar å driva eit korps, både når det gjeld instrumentkjøp og instruksjon/drift av laget. Ekstra kostnader vort det vel og når det vort satsa på oppkøyring til ein konkurranse. Vil resultatet i konkurransen føra til at andre, både næringslivet og kommunen, kanskje ser det meir interessant å stø korpsmusikken med meir midlar?

— Når vi kan presentera kvalitetsmusikk, samstundes som vi er mykje ute og reiser både i og utanfor kommunen, meiner eg korpsa er gode ambassadører for kommunen vår. Men kostnaden er svært høg, og medlemmene våre legg ned eit enormt arbeid i å skaffa midlar til drifta. Difor er det klart at vi vonar resultatet frå Hordaamatøren kan gjera oss meir interessante for sponsorer, og ikkje minst at publikum kjem tilbake og støttar oss, seier Kristiansen.

— For å gje eit lite døme på kva det kostar berre det å ha instrument til



Strålende søgde musikklagsformene med pokalar og diplom frå Hordaamatøren, Karl O. Kristiansen (v.) og Tor Inge Døssland.

stod fire i Hordaamatøren søndag, kan vi nemna at av dei 14 laga som var med var det berre fire lag som

kom over 90 poeng, og mellom desse fire var begge laga frå Kvinnherad. Så at det er ein stor prestasjon,

ein prestasjon som også vort lagt merke til utanfor kommunen vår, er det ikkje tvil om.

Jubelkonsert i morgon

— Eit så flott resultat som det dei to korpsa våre stod for i Bergen søndag, må og markerast her heime. Difor har Rosendal Skulekorps in-

— Eg fekk oppleve dei to korpsa våre frå tilhøyrarplass i Studentsoneret søndag, og det er absolutt ein av dei aller største opplevingane eg har hatt. Det var berre topp, kjempeflott musikk, seier Frankok Jørgensen.

skolekorps oppnar med å hylla dei to gjestekorpsa våre, og den hyllinga skal sjølvsagt skje i form av tonar. Deretter slepp dei to vinnarkorpsa våre til i tillegg til konkurranseutøveret, «Four Little Nations» vil dei og framle-

Yngve inspirerte musikklaget til å starte med konkurransespelning. Det gav musikarane mange flotte opplevingar. Her er eit biledeutsnitt frå Kvinnheringen etter dobbelsigeren i Hordaamatøren 1987.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.